

Frist: 31.12.2014 (eigendefinert)
Sendes til: postmottak@krd.dep.no

Slutt- rapport BOLYST

Til: KRD, ref 10/1747-2 HMJ

Fra: Austevoll kommune

Dato: 12.12.2014

Kommune:	Austevoll
Prosjektnavn:	Austevoll kommune, tilsegn nr 12242042, Kap 552, post 72
Prosjektleder:	Bjørn Wefring
Leder i styringsgruppen:	Ordførar Helge Andre Njåstad,(2012) ordførar Renate M Klepsvik (2013-14)
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Ole M Øvretveit/ og frå 2013: Kari Patricia Kleppe
Forankring av prosjektet (flere kryss er mulig)	Styringsgruppe og formannsskapet Forankring i befolkningen Samarbeid med andre aktører lokalt og regionalt
Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?	Måla for arbeidet i kommunen var å bruke kulturbasert stad- og næringsutvikling til å inkludere tilflyttarar. Innvandrarar, kvinner, unge og barn var og er viktige målgrupper. På øya Møkster var målet å gjera øya meir attraktiv og tilgjengeleg, gjennom mellom anna kulturaktiviteter og tiltak for ungdom. Vi meiner vi er på vei til å nå måla. Det er også klart at dette tar tid, å bygge eit godt omdømme er særsviktig for å halde på dagens befolkning men også for å auke befolkninga.
Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?	Vi kan trygt sei at vi har nådd fram til målgruppene. Konserter, framsyninger og familiedag har hatt stor deltaking av unge og barn. Små arrangementer mynta på barn trekk med mor og far og slik vert familiær engasjerte. Og vi kjem i kontakt med nye menneske som kan vere interesserte i å delta under andre arrangementer. Vi har meir å gjøre i høve tilflyttarane, særleg innvandrare frå Europa og Afrika. Språkproblem må overvinna og det tek tid. Arbeidet med dette har fortsett i dette Bulyst-prosjekt som vi fekk i 2012. Arrangement "Allsang i prestegarden" som er eit livOGlyst-prosjekt inkluderte alle innbyggjarar og fekk med mange av våre framandkulturelle.
Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller	Vårt sommerarrangement "Havfest" på Storebø er blitt ein tradisjon og til stor glede for alle fastbuande samt mange tilreisande. Her har lokale eldsjelar i samarbeide med kommunen si styringsgruppe etablert ein sommarfest som er svært populær. Vi støtter tiltaket med

tiltak	<p>penger og arbeidsinnsats i stor grad. Innbyggjarane gjer uttrykk for at no kan ein sjå og høre kjente orkester på heimplassen, det er ikkje naudsynt å dra til Bergen eller Oslo for å oppleve dei. Vi styrker identiteten og bulysten.</p> <p>I tillegg har vi hatt ei rekke ulike arrangement kring i kommunen. Vi har kobla kultur og idrett og fått engasjert mange barn og unge i arbeidet der dei har fått delta og lytte til aktivitetar med kropp og sjel. Austevoll turlag er etablert og vi har merka opp fleire flotte turstier der vi har bulyst-arrangementer med kulturinnslag i form av sang og musikk. I desse arrangementa har vi hatt opp til 500 deltakarar, dvs kvar 10. innbyggjar i kommunen var med.</p> <p>Eigne stunder for vaksne er til eksempel forfattarkvelder der vi har møtt Einar Økland, Frode Grytten og Gunnar Stålesen mellom fleire. Dette har vore svært populære stunder. Samstundes har vi nytta forfattarane til besøk same dag i ungdomsskulen og på biblioteket.</p>
Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan	<p>Tidmessig har vi følgd opprinnelig plan. Når det gjeld innsats og arrangement er det foretatt nokre justeringar. Havfestene vart dyrare enn først kalkulert og kommunen sitt bidrag oppjustert og vi har nytta ein større del av tilskottet til den enn først planlagd.</p> <p>Haustmarknaden viste seg vanskeleg å få på plass. Men Husflidslaget har på si måte gjort noko tilsvarende.</p> <p>På den måten har vi støtta ein mindre lokal marknad som omfatta handverksprodukt. Eit arrangement som var med å skapa lokal identitet og involvere innvandrarar.</p>
Oppnådde resultater Hvor geografisk koncentrert har prosjektet hatt/vil ha effekt? (Kryss av)	<p>Effekten har vore lokal i hovudsak men den kom også i fleire kommunar i regionen då vi hadde besøk av fleire vaksne og ungdomar frå nabokommunane, både frå Bergen, Tysnes, Sund, Os, Stord og Fitjar under ulike konserter og turar. Folk i Sunnhordlandsbassenget reiser til kvarandre for kulturopplevingar.</p>
Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet (max 250 ord)	<p>Ei lita men effektiv styringsgruppe har engasjert lokale lag og eldsjelar som saman har stått for arrangement og opplegg. Mindre prosjektgrupper vert etablert når vi vil arrangere. Slik vert ikkje nokre få overbelasta men arbeidet fordelt på fleire. Dette saman med ei utstrakt vilje til innsats gjer at vi klarer å holde aktivitetar jamt utover året, ikkje berre om sommaren.</p>
Overføringsverdi for eksempel til andre lokalsamfunn	<p>Ein må tidleg skaffa seg oversikt over lokale ressurser og dernest handler det mykje om mobilisering av dei rette personane. Og ein må ha ildsjelar i fleire bygder slik at ikkje einskilde vert for mykje belasta. Vi anbefaler difor at ein etablerer ei styringsgruppe og arbeidsgrupper etter behov og at ein prøver samstundes å gi deltakarane og eldsjelar opplæring for å gjere dei meir kompetente. Her er kurstilbodet i livOGlyst svært viktig. Deltaking under nasjonale og regionale konferanser er også viktig for</p>

	<p>nettverksbygging og ideutveksling.</p> <p>I høve overføringsverdi har vi lenge bidrøye inn til andre kommuner og bygder som driv med lokalsamfunnsutvikling og bulyst-tiltak. Vi har også nær kontakt med Distriktsenteret i Sogndal ved spesielt Trude Risnes som vi har hatt fleire møter med under konferanser og hun kjem også til Austevoll om ikkje lenge. Vi vonar dette samarbeidet kan fortsette. Det er viktig for oss.</p>
Ekstern kommunikasjon og deltagelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet	<p>Vi har bidratt og bidreg fortsatt til andre som driv lokalsamfunnsutvikling. Under konferansen i Solund i 2012 hadde vi fleire samtalar med lokale eldsjelar og på Nordfjordeid året etter leia vi ei arbeidsgruppe og deltok i panelet ved sluttene av konferansen. I arbeidsgruppa kunne vi gje gode råd til flere deltakrar, til dømes dei frå Naustdal, Øygarden og bygda Hedleberget på Voss.</p> <p>Vi har to ganger vore på Skei-konferansen "Gjer oss heite" (2011 og 2012) og bidrøye der til lokale grupper og bygder. Vi har vore spesialgjest frå kommunane under LUK-samling i Bergen for dei 4 vestlandsfylka med KRD. Vi har også bidrøye inn til Telemarkforskning i deira rapportering til KMD i 2014.</p> <p>Vi har delteke på konferansen Vestlandsk Vidsyn fleire gonger og bidrøye under konferansen.</p> <p>I dei to siste åra har vi vore mentor for eldsjelar på Radøy nord for Bergen, Risneskrinsen, som er med i prosjekt livOGlyst under Hordaland fylkeskommune. Det same gjeld bygda Hedleberget på Voss.</p> <p>Vi har også delteke på Bulyst-konferanser, sist på Frøya i Sør-Trøndelag i oktober 2014. Der kunne vi bidra med våre erfaringer. Vi har også hatt stor nytte av samspel med Distriktsenteret, spesielt med Trude Risnes som har vore til stor hjelpe med si store kompetanse.</p>
Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettipostene)	Sjå eige vedlegg med revisor- påteikning.
Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig)	<ul style="list-style-type: none"> a) Stabilisere eller øke befolkningen <input checked="" type="checkbox"/> b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser <input checked="" type="checkbox"/> c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer <input checked="" type="checkbox"/> d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne <input checked="" type="checkbox"/> e) Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen <input checked="" type="checkbox"/> f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd) g) Styrke regionale sentra

	<p>h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringsted for bedrifter? <input checked="" type="checkbox"/> x</p> <p>i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål? <input checked="" type="checkbox"/> X</p>
Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)	<p>Vi vil fortsette arbeidet med lokalsamfunnsutvikling.</p> <p>Vi har også vore med i livOGlyst-prosjektet dei tre siste åra og bidrege med støtte til andre grender og prosjekt, både søker og dei som fekk vere med i prosjektet. Det vert avslutta som program frå 2015.</p> <p>Erfaringsoverføring ser vi er svært viktig så vi håpar vi kan bidra til andre prosjekt i mange år fortsatt, med støtte frå KRD og Distriktsenteret. Prosjektleiararbeidet har vore omfattande og mange timeverk har gått med. Men resultata er gode.</p>